

# LIASTØLEN FOR 100 ÅR SIDAN.

Lisbet Lid Venås

Under Nærafjedlet  
ligg dei gamle sela;  
gråsteinsmurar, torvtak.  
Sola spelar gjennom blanke ruter.

Oppi Vetlaskaret  
karrar det ei rjupe.  
Fjellvåk sigler over.  
Røysekatten leikar seg i gamle murar.

Uti Øyadalen  
er det gode beite;  
moltelyng og saftig fjellgras.  
Kyrne trivst i varme gode sommardagar.

Nedmed Stølagroa  
er det godt å sitja  
kvila etter vask og skuring.  
Vatnet smakar reint av Stein og mose.

Gjennom Budei-smettet  
røyner det på ryggen:  
Stølabyttet mjølkefullt  
nedetter lange bratte stølavegen.

Bortpå Dryftahaugen  
står budeiene og hjalar.  
Anna lokkar, Brita syng  
om heimegrenda langt der nede.